




**Klepp kommune**  
ETAT FOR SKULE OG BARNEHAGE

Postboks 25  
4358 Kleppe  
Tlf 51 42 97 30

Det kongelige barne- og familiedepartement  
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO



Saksnr  
04/00049-007

Løpenr  
000289/05

Arkivkode  
A10 &00

Avd/Sek/Saksh  
OPP/OPP/AAKH


Dykkar ref

**HØYRING - NY BARNEHAGELOV**

Syner til brev frå BFD om høyring av forslag til ny barnehagelov.

Hovudutval for levekår i Klepp kommune skal behandla framlegga til endringar i møte 20. januar 2005. Utvalet sine kommentarar vil bli ettersendt.

Klepp kommune, 07.01.2005

  
Trond Roy Pedersen  
kommunalsjef

  
Åse Kyllingstad Hatteland  
barnehagesjef

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Åse Kyllingstad Hatteland  
Arkivsaksnr.: 04/00049 – 006

Arkiv: A10 &00

### NY BARNEHAGELOV - HØYRING

Barne – og familiedepartementet har sendt ut forslag til ny Barnehagelov på høyring.

Høyringsnotatet er på 110 sider og ligg på <http://odin.dep.no/bfd>.

Med bakgrunn i dei store endringane som har skjedd på barnehageområdet dei siste åra, sette BFD våren 2004 ned ei arbeidsgruppe for å koma med innspel om korleis kvalitet i barnehagane kan sikrast, samstundes som barnehagelova blir forenkla..

Frå januar 2006 vil det øymerka tilskotet til barnehagar falle bort, og finansieringa blir ein del av rammefinansieringa til kommunane. Dette vil gje kommunane større økonomisk fridom på barnehageområdet. Det er difor rett at kommunane samstundes får større styringsrett når det gjeld ikkje økonomiske rammer og organisering av barnehagetilbodet. Det må samstundes, gjennom barnehagelova, sikrast god kvalitet på innhald og tilbod til det enkelte barn.

Stortingsmelding 27 frå 2001 definerer eit kompetent personale som ein viktig del av kvaliteten i barnehagane. Stortingsmelding 27 pålegg og alle barnehagar og kommunar å ha eit system for kvalitetsutvikling av barnehagane. Dette er ikkje følgt opp i forslag til ny barnehagelov.

I dei paragrafane der det er alternativ, er desse vedlagde.

Desse paragrafane i den lova vil ha mest tyding for kvaliteten på det samla barnehagetilbodet i Klepp kommune:

#### **§ 1 Formål:**

I høyringsutkastet er det ikkje føreslege endringar i denne paragrafen.

Klepp kommune ser på arbeidsgruppa sitt forslag som meir samlande om grunnleggande, allmenne verdiar.

*Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder et likeverdig pedagogisk tilbud. Barnehagen skal i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem bistå barna i deres dannelsesprosess og på den måten skape et godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltagelse i et demokratisk samfunn.*

*Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, kulturelle og etniske bakgrunn.*

*Barnehagens virksomhet skal bygge på de kristne grunnverdier.*

*Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse og økologisk forståelse.*

*Barnehagen skal tilby barna et læringsmiljø preget av lek, omsorg og gode sosiale relasjoner.*

*Barnehagen skal ha et innhold som bygger på samfunnets felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag.*

*Eiere av private barnehager og barnehager eiet eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette alternativ formulering av verdigrunnlaget i 4. ledd.*

## **§ 2 Innhald:**

Som konsekvens av arbeidsgruppa sitt forslag til formålsparagraf vil Klepp kommune koma med framlegg om arbeidsgruppa sitt forslag til § 2 om innhald.

*Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.*

*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.*

*Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder.*

*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi stort rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*

*Barnehager for samiske barn i samiske distrikter skal bygge på samisk språk og kultur.*

*Departementet fastsetter Rammeplan som gir retningslinjer for organisering og innhold i virksomheten. Barnehagens eier kan tilpasse Rammeplanen og virksomheten til lokale forhold.*

*Med utgangspunkt i Rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.*

§§ 1 og 2 gjev barnehagane eit klarare samfunnsmandat enn tidlegare. Barnehagane vil med desse 2 paragrafane framstå som ein viktig arena for livslang læring.

## **Ny § om barns rett til medverknad.**

Noverande barnehagelov seier ikkje noko om barns rett til medverknad. Barn sin rett til medverknad er eit av hovudprinsippa i barnekonvensjonen. Det er positivt at det no er med ein paragraf som sikrar dette. Ny § om barns rett til medverknad stiller store krav til kompetente vaksne som har tid til å vera i dialog med barna i barnehagen.

## **§ 10. Godkjenning.**

Det bør her vera samsvar mellom friskulelova og barnehagelova. Kommunen må kunne vurdera t.d. det samla behovet for barnehageplassar i kommunen før ein gjev godkjenning til ein ny barnehage. Det er rimeleg at etablering av barnehagar, som har så stor samla offentleg finansiering, til ein viss grad blir styrt.

Fastsetting av arealnorm er teke bort i § om godkjenning. Dette vil setje større krav til kommunen som sitt tilsyn med private barnehagar. Ein må i kvart tilfelle vurdere om lokala er eigna og store nok til barnehageverksemd

## **§ 18. Ledelse**

Alternativ A

*Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.*

*Barnehagen skal ha en daglig leder.*

Alternativ A er mest i samsvar med opplæringslova. Den føreslegne teksten bør seia noko om at leiar av barnehagen må ha pedagogisk utdanning og kompetanse.

## **§ 19. Barnehagens øvrige personale.**

I Noreg er berre 1/3 av personalet utdanna førskulelærarar. I andre nordiske land ligg pedagogtettleiken på 2/3. Stortingsmelding 27 om kvalitet peikar på at eit kompetent

personale er avgjerande for kvaliteten i barnehagane. Ny føremåls – og innhalds- paragraf i ny barnehagelov vil setja enda større krav til personalet sin kompetanse. Også paragrafen om barns rett til medverknad vil setja krav om gode kompetente vaksne. Barnehagen får no eit klarare samfunnsmandat som ein læringsarena for små barn, difor vil den pedagogiske kompetansen til førskulelærarane vera avgjerande for kva tilbod barnehagane kan gje. Det blir difor viktig å sikre førskulelærarar i barnehagane gjennom lova. Ved å løyse opp og gjera gruppestorleiken meir fleksibel må ein vurdere kor mange førskulelærarar som er naudsynt for å sikre og utvikle kvaliteten i den enkelte barnehage. Både t.d. gruppesamansetting, organisering og lokaler kan ha innverkand på dette.

Klepp kommune ser difor at alternativ C vil vera den beste lovteksten til å gje eit godt pedagogisk tilbod til det enkelte barn.

*Bemanningen skal bestå av førskulelærere og annet egnet personale.*

*Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredstillende pedagogisk virksomhet.*

*Likeverdig med førskulelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høghskolenivå med tillegg av ett års videreutdanning i barnehagepedagogikk.*

*Barnegruppene skal ha en størrelse som er hensiktsmessig ut fra barnas alder og forutsetninger.*

*Kommunen kan gi dispensasjon fra utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.*

*Departementet gir forskrifter om dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for personalet som arbeider i barnehagen på nattid.*

Ein slik lovtekst vil setja store krav til kommunen sitt tilsyn med private barnehagar. Kommunen må i kvar enkelt barnehage vurdere kvaliteten både på omsorgstilbodet og på det pedagogiske tilbodet som blir gitt, før ein kan gje godkjenning.

## **Vedlegg:**

Aktuelle lovtekstar frå høyringsutkastet

### **Innstilling:**

Kommunalsjefen tilrår slikt vedtak:

Hovudutval for levekår i Klepp vil gi slik uttale til ny barnehagelov:

1. § 1. *Formål.* Arbeidsgruppa sitt framlegg bør bli § 1.
2. § 2. *Innhold.* Arbeidsgruppa sitt framlegg bør bli § 2.
3. § 10 *Godkjenning.* Det bør på lik linje med Opplæringslova bli opning for kommunal styring av etablering av barnehagar.
4. § 18. *Ledelse.* Alternativ A bør bli gjort gjeldande.
5. § 19. *Barnehagens øvrige personale.* Alternativ C bør bli gjort gjeldande.

Rådmannen i Klepp 03.12.2004